

Sykkylven sokneråd

Møte i Sykkylven sokneråd 24.april 2018

Stad: Sykkylven kyrkje, kyrkjekjellaren kl. 19.30

Til stades: Torbjørn Støylen, Simen Elias Nordbrønn Myklebust, Monika Breivik Orre, Janne Svindseth, Liv Norli Hole og Knut Henning Aursnes.

May Lisbeth Hovlid Aurdal og Bjørg Djupvik Grebstad hadde meldt fråfall.

Torbjørn Støylen hadde ansvar for mat og opningsord. Han leia også møtet.

Sak 18 /18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Godkjenning og innkalling vart godkjent.

Sak 19/18 Godkjenning av referat frå møte i Sykkylven sokneråd 27.02.2018

Vedtak: Referatet vart godkjent slik det ligg føre.

Sak 20/18 Søknad frå Gospelkoret

Sykkylven Gospelkor søker om støtte på kr 10.000,-

Vedtak: Sykkylven sokneråd gir Sykkylven Gospelkor støtte med kr 10.000,-.

Sak 21/18 Kompenserande tiltak mot redusert presteressurs


Som mottiltak til redusert presteteneste i Sykkylven-Ikornnes, vedtok Ikornnes sokneråd og Sykkylven sokneråd å løyve ein budsjettpost til leige av presteressurs på om lag 0,1 årsverk.

Vedtak: Sykkylven sokneråd vedtek ei årleg overføring på kr 50 000,- til felles fond for sokneråda; 25130000 – avsett til trusopplæringsarbeid. Forvaltninga av budsjettposten skjer via kyrkjevevjen/dagleg leiar.

Sak 22/18 Søknad frå Sunniva Stave Overøye

Sunniva Stave Overøye er no på reise for Ungdom i Oppdrag, DTS. Først til Hawaii så til Himalaya, der ho skal vere med på evangelisering. Ho er kyrkjelyden sin utsendte kortidsmisjonær og vil kome til kyrkjelyden vår og fortelje frå denne spanande reisa seinare.

Vedtak: Sykkylven sokneråd løyver kr. 10.000,- til Synniva Stave Overøye.



Sykkylven sokneråd

Årshjul 2018

Møteplan Sykkylven sokneråd 2018:

Mai	22.05.2018: Plan for hausten
Juni	11.06.2018: Grillfest på Aursneset

Dato ikkje fastsett:	Misjonsmiddag m/misjonsløp etter gudstenesta
28.-29.09.2018:	Kyrkjemesse
21./28.10.2018:	Seniordag (tidlegare Eldresdag) med middag?

Eventuelt: Simen orientere om høyringssvar på: «Høring om Justering av hovedgudstjenesten og alminnelige bestemmelser», som soknerådet også hadde fått kopi av.

Referent: Knut Henning Aursnes